



Avdelingsleiar Asle Moldestad rettleiar Amalia (7.klasse) og Solveig Haugland (6.klasse).

Elevane på skulen opplevde ein heilt annleis skuledag i dag. Mellom anna dreiv dei med masseproduksjon av musefellebilar. Det skjedde i regi av VilVite på hjul frå Bergen som er ein forlenga arm av det kunnskapsmetta senteret som har facinert så mange.

Den rullande delen av senteret vart etablert før sjølve senteret vart opna, nærare bestemt for 5 år sidan. Og gründar/pioner var ingeniør Asle Moldestad, som leier denne delen av verksemda også i dag.

Han leia også ekspedisjonen til Uskedalen med assistanse av deltidsstudent Nina Walde. Senteret satsar i stor grad på deltidsstudentar og har no rundt rekna 45 i arbeid i tillegg til dei 15 fast tilsette.

VilVite på hjul besøker skular i Hordaland og Sogn og Fjordane og leiinga ser det som særleg viktig å nå lærarar og elevar som har lang reisetid til Bergen.

Målet er å gje dei to kategoriane ein annleis skuledag for å skape undring og stimulera dei til å nytte spennande forsøk i undervisninga.

I Uskedalen idag var det magnetisme og elektrisitet som stod på programmet saman med produksjonen av musefellebilar og gjennomgang av ein vandrestilling som presenterar alt frå sparepærer til reaksjonstester.

Det var naturleg å stille mangfoldige Moldestad dette spørsmålet:

- Er musefellebilen din konstruksjon?
- Slett ikkje, det er ein verdspatent som ein kan finna på nettet!

Det er mildt sagt at elevane var hekta på produksjonen som vart avslutta med ein vellukka prøvekjøring i korridorane etterpå. Men om ein slik alternativ bruk av musefeller eigentleg er noko å satsa på er ein annan sak....

Den uvanlege dagen blir avslutta med ein motivasjonstime for lærarane. Vi antar at dei er like motiverte som elevane etter dette.

(Tekst og foto: Ola Matti Mathisen)



Lærer Maria Larsen og førsteklassing Mathias Nilsen Børve får veta meir om sparepærer